



Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Arkiv nr:

Sak nr 8/2016

Møtedato: 4.4.16

Møtestad: Slidre

Saksbehandlar: Harald Ranum

Elgjakt, kvoter og feltinndeling

Det har vore 4 felt for elgjakt i fleire år. Kontrakt for det eine feltet gjekk ut i haust. Dei tre andre felta har kontrakt i to år til. Elgbestanden har vorte sterkt redusert dei siste 2-3 åra og fjellstyret har signalisert at kvotene bør reduserast. For å få opp stamma bør ein også spare vaksne koller. Om kvotene blir reduserte er det naturleg å vurdere å reduserte talet jaktfelt frå fire til tre.

Jaktlaga er bedt om uttale til kvote og talet på jaktfelt. Det er oppfordra til å gi ei fellesuttale frå jaktlaga. Jaktlaga i Baklie/Kinnhølt og Trøllhøvd har den 14.3.2016 gjeve slik tilbakemelding:

Representanter for jaktlaget "Trøllhøvd" og jaktlaget "Baklia" har drøfta elgjakta i statsallmenninga på et møte i kveld. Jaktlaget "Bukono" var også invitert til møtet, men hadde ikke anledning til å være med. Vi setter pris på å bli tatt med på råd i denne saka.

På møtet var det enighet om at det har blitt stadig mindre elg i statsallmenninga de siste årene og at kvotene de siste årene har vært for høye (jfr. Sett-elg skjemaene)

Det var enighet om at følgende endringer bør gjennomføres f.o.m. elgjakta 2016:

1. *Antall jaktfelt i statsallmenningen reduseres fra 4 til 3 felt*
 - *Trøllhøvd/Bjødnhøvd (minus den sørre delen av Bjødnhøvdfeltet)*
 - *Baklia/Kinnhølt (pluss den sørre delen av Bjødnhøvdfeltet)*
 - *Bukono/Jaslangen (inkl. området mellom Nestisvatnet og Grønsenn)*
2. *Grunnkvoten i 2016 bør ikke settes høyere enn 6 dyr i statsallmenningen,- dvs. 2 dyr pr. jaktfelt*
3. *Kvoten bør settes til 2 voksne hanndyr + 4 kalv/ungdyr. Dette betyr at to felt får kvote på 1 okse + 1 kalv/ungdyr, og at det tredje feltet får kvote på 2 kalv/ungdyr. Fordeling av kvoter bør avgjøres ved loddtrekning*
4. *Dersom det blir overgang fra fire jaktfelt til tre jaktfelt, bør den sørre delen av Bjødnhøvdterrenget legges til "Baklia/Kinnholt". Stølsvegen Kvålsstølen-Bjødnhøvd og stien fra Bjødnhøvd til Knippa vil være en entydig grense (se vedlagte kart). Resten av Bjødnhøvdterrenget bør legges til Trøllhøvdterrenget. Området mellom Nestisvatnet og Grønsenn bør flyttes tilbake fra Trøllhøvdfeltet til Bukonofeltet.*
5. *Når et lag har fylt kvoten bør ikke nabo jaktlag få tilgang til dette jaktfeltet.*

Grenser er vist med raus strek på kart under.

Jaktlaget i Bukono har i e-post den 18.mars gjeve følgjande tilbakemelding:

Viser til mail med spørsmål om kvoter og grenser for jaktfelt.

De andre jaktlagene har hatt møte uten å involvere oss. Etter en mailrunde i vårt jaktlag er vi stort sett enig med dem om at med lite elg bør vi gå ned til 3 felt istedenfor 4, redusere kvote til 2 dyr pr felt og at en bare har okser og ungdyr/kalver på kvoten.

Nye grenser bør føre til justeringer som er naturlige i jakta fordi de henger sammen, med 3 felt bør Bukono få med opp til Vang grense ved Strø, Nøsakampen, Fuglehaugadn og bort til Syndin, dette fordi vi må rundt til Kvitehaugen uansett. Det er da naturlig å ta med området langs Gilafjellet. Ellers støtter vi oppdelingen de andre har foreslått.

Framlegg frå jaktlaget Bukono er lagt fram for dei to andre laga. Fjellstyret har fått tilbakemelding frå Jaktlaget Trøllhøvd om at dei meiner feltinndelinga forslege i brev den 14. mars er den beste løysinga.

Frå jaktlaget Baklie gjeve tilbakemelding om at dei meiner grense bør vera som forslege brev 14. mars, men at ein kan la arealet ved Gilen gå inn i feltet Bukono.

Det er jegerane som skal jakte med dei nye grensene og det er derfor viktig å lytte til kva jegerane sjølv ynskjer. Det ei samde om det meste, men med litt ulike syn på grensa frå Grønsenn til Syndin. Det siste forslaget frå Baklie ligg midt mellom dei to andre og bør kunne akseptert av alle. Kontraktane går ut om to år og det er tilfeldig kven som får dei ulike felta neste gong.



Framlegg til vedtak

Fjellstyret vedtak følgjande endring for elgjakta:

- Jaktfelt reduserast frå fire til tre felt. Grenser følgjer siste forslag frå Baklie, markert med raud og blå strek i kart.
- Fjellstyret søker driftsplanlaget om kvote på 6 dyr, 2 vaksne hanndyr og 4 kalv/ungdyr. Fordeling mellom felt blir som skissert i uttale frå jaktlaga.
- Når kvote er fylt vil det ikkje bli delt ut tilleggsdyr og nabojaktlag får ikkje tilgang til ledige jaktfeltet.

Vedtak:

Fjellstyret vedtak følgjande endring for elgjakta:

- Jaktfelt reduserast frå fire til tre felt. Grenser følgjer siste forslag frå Baklie, markert med raud og blå strek i kart.
- Fjellstyret søker driftsplanlaget om kvote på 6 dyr, 2 vaksne hanndyr og 4 kalv/ungdyr. Fordeling mellom felt blir som skissert i uttale frå jaktlaga.
- Når kvote er fylt vil det ikkje bli delt ut tilleggsdyr og nabojaktlag får ikkje tilgang til ledige jaktfeltet.

Vedtaket er einstemmig.

I følge §28 i forvaltningsloven kan enkeltvedtaket klagast over. Parter har rett til innsyn i saksdokument. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vestre Slidre fjellstyre den 6.4.16

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Elgjaktlaga, Driftsplan for hjortevilt, Vestre Slidre kommune